

Kortreist kunst for klimaet?

av Brynhild Winther

Kritikk av utstillinga:

«Potential Exceeds the Demand»

av Margrethe Kolstad Brekke

Hordaland Kunstsenter

10.mai-28.juli 2019

Det er ikkje ofte dei viser lokale kunstnarar på HKS. Tekstilkunstnaren Margrethe Kolstad Brekke skil seg òg ut frå mykje anna i programmet, ved å vera så tydeleg instisterande i tematikken. At kunsten hennar er kortreist, understrekar klima-innhaldet i arbeida hennar. Etter å ha lest litt på nettet på førehand, hadde eg sett for meg at gallerirommet på HKS skulle vera fylt opp av ein eller fleire svære flygemaskinar i tøy som tok så mykje plass at mennesket nesten ikkje fekk plass. På same måte som tanken ofte blir for stor for oss mennesker. Eller som klima-problema blir for store. Men utstillinga består av tre segl-liknande tekstil-måleri som heng loddrett frå taket, ein akvarell i ramme av lykkelege frittgåande småfly i svev over blå himmel, to videoarbeid med opplesing av klimatekstar, og fleire akrylmåleri. Ein forventar kanskje ikkje at ei utstilling med fokus på klimautfordringar, skal innehalde akrylmåling, sidan det er laga av plast frå oljeindustrien. Tekstilfarge veit eg ingenting om, så eg veit ikkje om fargane på tøystykkene er så giftige som dei ser ut til. Det er dei tre store tekstilarbeida som dominerar rommet. Og denne dominansen definerer vel at det er hit fokuset skal rettast. Fargebruken er hippie-naivistisk slik ein ofte ser i tekstilarbeid av denne typen. Eit av arbeida inneheld ulike energi-symbol for batteri, straum, flammer, vindkraft, noko som kanskje kan vera Arkimedes si skrue, og anna. Dei to andre er meir abstraherte og fokuserer på sirkelen og andre geometriske former.

I handa har eg ein tynn katalog. Plastikken i det glinsande omslaget er sveitt mot handa.

I katalogen finn ein tekstane som blir lest opp i dei to videoverka i utstillinga. Når ein verkeleg vil noko, blir det somme gonge flekk på flekk med smør på, for å vera sikker på at publikum får det med seg. Likevel er det svært vanskeleg å få tak i samanhengen mellom innhaldet, og det å produsere kunst i materialer som mest sannsynleg tek svært lang tid å bryte ned. Tekstilindustrien er så vidt eg veit, ikkje så flinke til å finne opp nye, bærekraftige kjemikalier for farging av tøy. Eg undrar meg over korleis kunstnaren her er engasjert i si eiga materialbruk. Fordi dette er noko eg ofte slit med sjølv; *den dårlege samvittigheita* over å produsere fysiske objekt. For det er vel, tross alt, vår raske omdanning av materie som er ein av hovudårsakene til at mennesket er farleg for dei sameksisterande artane, økosystema på jorda og for oss sjølv? Når ein vel å produsere ein tanke eller ei meining fysisk i form av kunst, bærer materialet med seg fleire lag av ibuande innhald som legg til noko ekstra til kunstverket. Somme gonge kan materialvalga undergrave innhaldet, eller totalt motsei innhaldet.

Kan me ikkje heller diskutere tekstilindustrien?

Utstillingsteksten på nettet tek for seg ulike utfordringar og myter. Blandt anna denne: «Utfordring: Fokus må rettes mot strukturelle løysningar, ikke individuelle.» Slik eg ser det, er det lite politikarar kan gjera i eit *fleirtallsdiktatur*. Politikarar som er valgt av folket, er òg tvunget til å handle på vegne av folket. Kanskje auking av bompengar og fleire bomringar, på sikt kunne ført til redusert biltrafikk, betre kollektivtilbod og betre luft? Forbrukaren har meir makt enn den som sit på toppen og «bestemmer». Sluttar folk å kjøpe nye ting med mindre ein faktisk treng det, vil det endre metodane hjå produsentane. Sluttar folk å bruke plastprodukter og reise med fly, vil det gå ut over oljeindustrien. Kjøper ein dyrare, kortreiste klede og tekstilar, vil ikkje utnyttinga av fabrikkarbeidarar i fattige land kunne halde fram, og det vil bli mindre utslepp om produksjonen blei flytta til land med restriksjonar på utslepp.

I eit intervju på youtube snakkar Mark Dion om klimaet (Youtube: Mark Dion: Krypto-Zoologist). Han seier at det mest sannsynleg ikkje er så mange unge som er opptekne av å jobbe med klimakrisa i kunsten. Fordi unge vil jobbe med problemstillingar kor det går an å sjå endringar, som til dømes feminisme. Det er svært få positive historiar når det gjeld klima. Det blir berre verre og er inga grunn til optimisme. Samstundes er det nesten litt tabu å vera pesimist seier han. Han

kallar det ein påtvungen illusjon, og at berre eit radikalt endring i vår tankesett kan endre kursen av den suicidale måten å behandle kloden. Klimaendringane har alt gått for langt. Det er nokre år sidan dette intervjuet. Etter den tid har det blitt veldig «hot» å jobbe med klima. Eg trur òg som Dion, at det er for seint å snu, og eg deler ikkje Brekke si optimisme kring strukturelle endringar. Eg trur at berre enkeltindividet kan skape endring. Om alle er med.

Kan me ikkje berre lære oss å stå litt meir i ro?

Uansett om Brekke og eg er usamde om dei store linjene i endringane, så er det ingenting som gler meg meir enn at galleria slepp til kunstnarar som faktisk vil noko. Kanskje er den tilsynelatande uvørne bruken av plast i katalog-omslaget, plastmaling og andre miljøskadelege produkt i utstillinga, eit statement. For slik kan ein gjera med godt samvit om ikkje ansvaret ligg hjå enkeltindividet.